



Uskedelingar på ein tidlegare fotballskule

Måndag startar årets fotballskule og primus motor Arvid Nes i Rosendal kan melda om rekord-deltaking. Det betyr at 138 unge fotballrekruttar er påmelde medan talet i fjor var 125, som også var rekord. No er det sett strek for påmeldinga.

Uskedalen er også i år godt representert, men det kjem ikkje fullt så mange som i fjor. Då var det over 40 frå vår bygd, denne gongen er det rundt 30. 5 av instruktørane som stillar opp denne gongen kjem frå Uskedalen.

Deltakarane kjem frå alle delar av Kvinnherad - frå Ølve til Sunde - og skulen går som vanleg over 3 dagar.

Ein tradisjon er det at 2 spelarar frå Brann kjem på besøk og slik vert det også i år. Men kven som kjem er førebels ikkje avklara.

Besøket vil imidlertid truleg skje måndag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen